



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 14.06.2018
Møtetid: Kl. 09:00 - 16:05
Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Bright Olav Gåsdal	A
Nils Aadland	A
Olaug Karin Øystese	A
Knut Harald Frøland	BL
Lena Tveit	BL
Markhus, Anja Elisabeth Gjerde	BL
Martin Haugen	BL
Solveig Vassenden	BL
Gunnar J. Bruvik	FRP
Røen, Arild	H
Sture Tveit	H
Aasgaard, Inge	KRF
Gunn Totland Moss	KRF
Øyvind Strømmen	MDG
Monica Tjønnå	SP
Øyvind Røen	SP
Jon Magne Bøgevik,	UAVH

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Harald Bøge	A	Urås, Roger Gjerde	A
Tveiterås, Vidar	A	Gunn Østvik Petersen	A
Karl Bård Kollbotn	FRP	Svein Verner Røseth	FRP
Odd Arne Haga	FRP	Ingvild Raftevoll Bøgevik	FRP

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Rådmann Charlotte Hageberg
- Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge
- Sektorleiar helse og omsorg Grete Lill Hjartnes (under sak 017 og 022/18)
- Sektorleiar oppvekst Rita Ludvigsen (under sak 018/18)
- Planleggjar Roald Aandahl (under sak 017, 028 og 031/18)
- Økonomisjef Nina Erdal (under sak 018 - 021/18)
- Rådgjevar Jan Erik Bøge

Jon Magne Bøgevik (uavhengig representant) fekk permisjon frå møtet frå kl. 12.00, og deltok derfor ikkje under handsaminga av sak 025 - 031/2018.

Heilt til slutt i møtet la Brigt Olav Gåsdal (A) fram apell der han oppmoda alle som har moglegheit til det om å verta blodgjevar.

Vedlegg til møteprotokollen:

- Svar på grunngjeve spørsmål frå Samnanger Framstegsparti v/Odd Arne Haga og Karl B. Kollbotn
- Svar på interpellasjon frå Samnanger Krf om tru og livssyn i helse- og omsorgstenesta

Møtleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Bøge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 18.06.2018

Knut Harald Frøland
ordførar

Jan Erik Boge
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
017/2018	18/411	Faste saker	
018/2018	18/338	Økonomirapportering pr 1.tertial 2018	
019/2018	18/338	Finansrapportering pr 1.tertial 2018	
020/2018	18/20	Årsmelding Samnanger kommune 2017	
021/2018	18/284	Godkjenning av kommunerekneskapen 2017	
022/2018	18/377	Høyringsuttale til utkast til prehospita plan for Helse Bergen HF	
023/2018	17/401	Tilleggsføring til ny sekretærstilling ved sørvissenteret	
024/2018	18/202	Vurdering av IKT-driftsform for Samnanger kommune	
025/2018	15/936	Delegeringsreglement for Samnanger kommune	
026/2018	10/311	Tannhelsetenesta - søknad om å delta i prøveordning	
027/2018	13/799	Feieavgift fritidsbustad - Samnanger	
028/2018	13/77	Endelig vedtak, kommuneplanen sin arealdel - Børdalen	
029/2018	13/274	Godkjenning av byggjerekneskap for VVA-prosjektet på Bjørkheim	
030/2018	16/61	Val av medlemmer til styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger	
031/2018	18/403	Samnanger kommune sin uttale til forslag til planprogram - Fellesprosjektet E16 og Vossebanen	
1	16/248	Interpellasjon	

SAKNR. 017/2018: Faste saker

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Gode historiar

Røde Kors si besøksteneste

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om Røde Kors si besøksteneste i Samnanger, som består av i alt 15 personar. Dei har drive med besøksteneste i 33 år, og besøker mellom anna flyktningar, beburarar på sjukeheimen og eldre personar som bur heime. I tillegg er dei assistentar på dagsenterert tre dagar i veka. Ordføraren framheva dette som eit veldig godt eksempel på frivillighetsarbeid.

Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) foreslo at interpellasjonen som var kome inn til møtet vart handsama som eiga sak etter sak 018/18 Faste saker. Kommunestyret slutta seg til dette.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte

Det var ingen merknader til protokollen frå førre møte.

Orienteringssaker

Status bygging av nytt bufellesskap på Skottabakken

Sektorleiar Grete Lill Hjartnes orienterte. Anbudsopning for totalentepriisen er 20.06.2018. Planleggjar Roald Aandahl orienterte om status for handsaming av søknad om dispensasjonar på Skottabakken.

Prestebustaden

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Prestebustaden vil bli ledig ca. 01.09.2018, og vil mest sannsynleg bli lagt ut for sal. Kommunen fekk tidlegare i år ein takst på 4,75 mill kroner.

Sal av konsesjonskraft

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Prisen for 2018 og 2019 vart låst for eit par veker sidan, då kraftprisane var svært høge. Kommunen er sikra minst 5 millionar kroner i årleg inntekt i 2018 og 2019. Budsjettert årleg inntekt var 3,1 millionar kroner.

Handtering av barnevernsaker

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Ho arbeider no med å finna ut kven som kan hjelpa med å gå inn og sjå på dei aktuelle barnevernsakene. Det vil truleg vera nødvendig å gjennomføra anbuds konkurrans for dette oppdraget. Rådmannen har vore i kontakt med Bergen kommune for å få informasjon om korleis dei arbeider med denne typen saker. Rådmannen håpar at me i løpet av hausten bør ha på plass dei som skal sjå om det skal gjerast noko med dei aktuelle sakene.

Krekavegen

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte. Det er no gjort berekning av trykk, leidningstjukkuleik etc, som viser at vassleidninga er alt for liten. Det er sendt ut brev til Jan Ove Haga med informasjon om dette.

Status breibandsutbygging Bjelkarvikvegen og Ådland

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte. Administrasjonen har hatt dialog med Bergen Fiber etter at kommunestyret 26.04.2018 vedtok å gje tilskot på om lag 50.000 kroner til breibandsutbygging i Bjelkarvikvegen og på Ådland. Bergen Fiber har gitt tilbakemelding om at med dette tilskotet dei vil kunne byggja ut fiber i desse to områda dersom dei får nok bestillingar (minimum ca 60 prosent av husstandane i området). Salet vil no starta opp.

Konsesjonsvilkår Fitjavatnet

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til at det i formannskapet 31.05.2018 vart bedt om ei orientering i kommunestyret 14.06.2018 om konsesjonsvilkåra for Fitjavatnet. Han orienterte vidare om at administrasjonen enno ikkje har hatt høve til å sjå på saka, og at det derfor i staden vil bli gitt svar på neste møte i formannskapet.

Status parkområdet på Bjørkheim

Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at det er lagt ut for sal ei hytte i parkområdet/friområdet på Bjørkheim. Kommunen ønskjer å koma i dialog med eigar med tanke på eventuelt kjøp av egedomen.

Facebook-avstemming

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at kommunen har vunne ei Facebook-avstemming, og gjennom dette vunne midlar til robåt, kajakkar og redningsvestar. Dette vil vera utstyr som frivilligsentralen kan ha til gratis utlån i utstyrsbanken sin. Denne orienteringa vart halden etter handsaminga av sak 031/18.

Grunngjeve spørsmål

Grunngjeve spørsmål frå Frp v/Odd Arne Haga og Karl Kollbotn

Gunnar Bruvik (Frp) las opp det grunngjevne spørsmålet. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge las opp administrasjonen sitt svar. Svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Utvalet sitt kvarter

Informasjon om Samnangerveka i Kystkulturavisa

Arild Røen (H) viste til vedlegg til Bergens Tidende ("Kystkulturavisa 2018"), og spurde om Samnangerveko burde vore med i dette vedlegget. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han allereie har vore i kontakt med leiaren for Kystsogeveka vedrørande dette. Kystsogeveka har gjort eit styrevedtak om at dei vil sjå på ei utviding, og at det då vil passa godt at Samnanger vert med.

Planar om nye fiskeoppdrettsanlegg i Samnangerfjorden

Arild Røen (H) viste til at det truleg skal etablerast ein god del fiske-merdar ute i Samnangerfjorden, og spurde om Samnanger kommune er involvert/har gitt uttale i samband med dette. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) svara. Kommunen har allereie fått saka "på bordet" og vil følgja den opp. Ordføraren har òg vore i kontakt med fylkesmannen om saka.

Hallnemnda

Svein Verner Røseth (Frp) stilte spørsmål om eit møte 23.05.2018 i hallnemnda, der den som hadde kalla inn til møtet ikkje møtte. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte kort om saka. Han er leiar i hallnemnda.

Samrøystes vedtak.

KS- 017/2018 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 018/2018: Økonomirapportering pr 1.tertial 2018

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Lena Tveit (Bl) hadde ein merknad til ei setning på sida 8 i møteinnkallinga, om krevjande pasientar som krev auka bemanning, som ho meiner kan vera stigmatiserande.

Rådmann Charlotte Hageberg, sektorleiar Rita Ludvigsen og økonomisjef Nina Erdal svara på spørsmål frå kommunestyret.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS- 018/2018 Vedtak:

Det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Redusert skatt	1 600 000	
Auka inntektsutjamning		600 000
Auka rammetilskot		26 000
Eigedomsskatt	465 000	
Konsesjonskraft		800 000
Auka tilskot IMDI		102 200
Næringsbygg Bjørkheim, rivning og opprydding		200 000
Finansiering næringsfond	200 000	
Innsparing tenester for funksjonshemma		150 000
Meirforbruk sjukeheim / manglande inntekt sal av plassar	200 000	
Innsparing løn heimetenester		350 000
Innsparing helsetun		100 000
Innsparing økonomikontor		300 000
Barnevern		250 000
Hjertestartar	46 000	
Overført til pålagt innsparing organisasjon	367 200	
Investeringsbudsjettet:		
Frigjeringsutstyr brann	7 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		7 000
Sal av tomt i Rolvsvåg industriområde		379 000
Avsett til ubunde investeringsfond	379 000	
Investering Rolvsvåg vassverk	102 300	
Finansiering ubunde investeringsfond		102 300
Investering Bjørkheim	11 250	
Finansiering ubunde investeringsfond		11 250
Sal av hus på Garnes		3 270 000
Utgift i samband med sal inkl tømning av hus	270 000	
Avsett til investeringsfond sjukeheim	3 000 000	
Kontrollsum	6 647 750	6 647 750

31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 022/2018 Vedtak:

Det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Redusert skatt	1 600 000	
Auka inntektsutjamning		600 000
Auka rammetilskot		26 000
Eigedomsskatt	465 000	
Konsesjonskraft		800 000
Auka tilskot IMDI		102 200
Næringsbygg Bjørkheim, riving og opprydding		200 000
Finansiering næringsfond	200 000	
Innsparing tenester for funksjonshemma		150 000
Meirforbruk sjukeheim / manglande inntekt sal av plassar	200 000	
Innsparing løn heimetenester		350 000
Innsparing helsetun		100 000
Innsparing økonomikontor		300 000
Barnevern		250 000
Hjertestartar	46 000	
Overført til pålagt innsparing organisasjon	367 200	
Investeringsbudsjettet:		
Frigjeringsutstyr brann	7 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		7 000
Sal av tomt i Rolvsvåg industriområde		379 000
Avsett til ubunde investeringsfond	379 000	
Investering Rolvsvåg vassverk	102 300	
Finansiering ubunde investeringsfond		102 300
Investering Bjørkheim	11 250	
Finansiering ubunde investeringsfond		11 250
Sal av hus på Garnes		3 270 000
Utgift i samband med sal inkl tømning av hus	270 000	
Avsett til investeringsfond sjukeheim	3 000 000	
Kontrollsum	6 647 750	6 647 750

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Redusert skatt	1 600 000	
Auka inntektsutjamning		600 000
Auka rammetilskot		26 000
Eigedomsskatt	465 000	
Konsesjonskraft		800 000
Auka tilskot IMDI		102 200
Næringsbygg Bjørkheim, riving og opprydding		200 000
Finansiering næringsfond	200 000	
Innsparing tenester for funksjonshemma		150 000
Meirforbruk sjukeheim / manglande inntekt sal av plassar	200 000	
Innsparing løn heimetenester		350 000
Innsparing helsetun		100 000
Innsparing økonomikontor		300 000
Barnevern		250 000
Hjertestartar	46 000	
Overført til pålagt innsparing organisasjon	367 200	
Investeringsbudsjettet:		
Frigjeringsutstyr brann	7 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		7 000
Sal av tomt i Rolvsvåg industriområde		379 000
Avsett til ubunde investeringsfond	379 000	
Investering Rolvsvåg vassverk	102 300	
Finansiering ubunde investeringsfond		102 300
Investering Bjørkheim	11 250	
Finansiering ubunde investeringsfond		11 250
Sal av hus på Garnes		3 270 000
Utgift i samband med sal inkl tømning av hus	270 000	
Avsett til investeringsfond sjukeheim	3 000 000	
Kontrollsum	6 647 750	6 647 750

SAKNR. 019/2018: Finansrapportering pr 1.tertial 2018

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KS- 019/2018 Vedtak:

Finansrapportering for 1.tertial 2018 vert tatt til etterretning.

31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 023/2018 Vedtak:

Finansrapportering for 1.tertial 2018 vert tatt til etterretning.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering for 1.tertial 2018 vert tatt til etterretning.

SAKNR. 020/2018: Årsmelding Samnanger kommune 2017

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmann Charlotte Hageberg svara på spørsmål frå Sture Tveit (H) om sjukefråværet i kommunen. Sjukefråværet blir no målt månad for månad, og førebels ser det ut til at sjukefråværet har gått markert ned i 2018 i forhold til 2017. Rådmannen viste òg statistikk som viser dette.

Etter spørsmål frå Sture Tveit (H) gjekk økonomisjef Nina Erdal gjennom dei punkta som revisor har påpeika i sin revisjonsrapport for 2017 (sjå side 251 og 252 i møteinnkallinga).

Gunnar Bruvik (Frp) stilte eit spørsmål til ei setning på side 51 i møteinnkallinga, der det står at det er vedteke å utarbeide reguleringsplan for ny trase opp i Hagabotnane innan 2018. Han spurde "*kvifor set administrasjonen kommunestyret sitt vedtak til side utan å informera?*". Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge svara, og beklaga dersom denne setninga kunne lesast slik at administrasjonen set kommunestyret sitt vedtak til side.

Brigt Olav Gåsdaal (Ap) viste til at det er brukt mørk bakgrunnsfarge i ein del tekstfelt i årsmeldinga, og at dette kan vera vanskeleg å lesa. Han viste også til at det ser ut til at namnet "Høgspen't'n" i liten grad vert brukt når det vert skriva om biblioteket, og oppmoda om at kommunen brukar namnet "Høgspen't'n".

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS- 020/2018 Vedtak:

Årsmelding for Samnanger kommune for 2017 vert teken til orientering

31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) viste til revisjonsrapporten som ligg som vedlegg til formannskapssak 025/18 om årsrekneskap 2017, og spurde om status for dei punkta som er bemerka i rapporten. Økonomisjef Nina Erdal orienterte kort om status for desse punkta.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteken.

FORM- 024/2018 Vedtak:

Årsmelding for Samnanger kommune for 2017 vert teken til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for Samnanger kommune for 2017 vert teken til orientering

SAKNR. 021/2018: Godkjenning av kommunerekneskapen 2017**14.06.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Bright Olav Gåsdal viste til at det i siste setning i framlegget til vedtak står "mindreforbruk/overskot frå 2016". Han spurde om rett årstal her skal vera 2017. Rådmann Charlotte Hageberg stadfesta at rett årstal skal vera 2017.

Sture Tveit (H) spurde om det er nokon tidsfrist for når rekneskapen skal behandlast av kommunestyret. Økonomisjef Nina Erdal orienterte om at fristen er 30. juni.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke, med følgjande endring:

- Årstalet i den siste setninga i vedtaket skal vera 2017, ikkje 2016.

KS- 021/2018 Vedtak:

Rekneskapen for 2017 vert godkjent slik han ligg føre. Mindreforbruk/overskot for 2017 på 8921,55 vert sett over til disposisjonsfondet.

31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 025/2018 Vedtak:

Rekneskapen for 2017 vert godkjent slik han ligg føre. Mindreforbruk/overskot for 2016 på 8921,55 vert sett over til disposisjonsfondet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rekneskapen for 2017 vert godkjent slik han ligg føre. Mindreforbruk/overskot for 2016 på 8921,55 vert sett over til disposisjonsfondet.

SAKNR. 022/2018: Høyringsuttale til utkast til prehospital plan for Helse Bergen HF**14.06.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS- 022/2018 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale til utkast til prehospital plan for Helse Bergen HF vert vedteke.

31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande debatten bad ordførar Knut Harald Frøland (Bl) om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønnå (Sp) fram følgjande fellesframlegg til tillegg til rådmannen sitt framlegg til uttale:

"-det må lagast landingsplass for ambulanshelikopter på Trengereid i samband med planlagt ambulansestasjonering der.

-det må kartleggast moglege og trygge (sjekke opp i kraft/telefonledningen på plassar som er aktuelle) landingsplasser for ambulanshelikopter i nærliggjande kommunar. Desse må inn i plan."

Med dette tillegget vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

FORM- 026/2018 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale til utkast til prehospital plan for Helse Bergen HF vert vedteke, men med følgjande tillegg:

-det må lagast landingsplass for ambulanshelikopter på Trengereid i samband med planlagt ambulansestasjonering der.

-det må kartleggast moglege og trygge (sjekke opp i kraft/telefonledningen på plassar som er aktuelle) landingsplasser for ambulanshelikopter i nærliggjande kommunar. Desse må inn i plan.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale til utkast til prehospital plan for Helse Bergen HF vert vedteke.

SAKNR. 023/2018: Tilleggsløyving til ny sekretærstilling ved sørvissenteret

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at 2019 ser ut til å bli eit tøft år økonomisk og at det gjeld å setja "bremsane" på tidleg nok. Rådmannen orienterte om at ho på bakgrunn av dette ønskjer eit anna vedtak enn formannskapet si tilråding. Ho ønskjer at det skal opprettast ei 1-årig mellombels stilling ved sørvissenteret, i staden for ei fast stilling. Heimel for mellombels tilsetjing vil vera arbeidsmiljølova § 14-9 bokstav f.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Rådmannen får fullmakt til å utvida stillingsramma ved sørvissenteret med ei 100% stilling for ein periode på inntil 1 år, med verknad frå sommaren 2018. Det vert gitt tilleggsløyving på inntil 300.000 kroner frå disposisjonsfondet til finansiering av lønsutgiftene i 2018. Lønsutgiftene i 2019 må leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Rådmannen får i denne saka fullmakt til å nytta heimelen til mellombels tilsetjing i arbeidsmiljølova § 14-9 bokstav f. Dette betyr at kommunestyret i denne saka set til sides administrasjonsutvalet sitt vedtak i sak 004/15 om at Samnanger kommune ikkje skal nytta denne heimelen."

Olaug Øystese (A) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet vart det gjennomført røysting, der formannskapet si tilråding sett opp mot ordføraren sitt framlegg. Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 023/2018 Vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å utvida stillingsramma ved sørvissenteret med ei 100% stilling for ein periode på inntil 1 år, med verknad frå sommaren 2018. Det vert gitt tilleggsløyving på inntil 300.000 kroner frå disposisjonsfondet til finansiering av lønsutgiftene i 2018. Lønsutgiftene i 2019 må leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Rådmannen får i denne saka fullmakt til å nytta heimelen til mellombels tilsetjing i arbeidsmiljølova § 14-9 bokstav f. Dette betyr at kommunestyret i denne saka set til sides administrasjonsutvalet sitt vedtak i sak 004/15 om at Samnanger kommune ikkje skal nytta denne heimelen.

31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 028/2018 Vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å utvida stillingsramma ved sørvissenteret med ei 100% stilling frå og med juli 2018. Det vert gitt tilleggsløyving på inntil 300.000 kroner frå disposisjonsfondet til finansiering av lønsutgiftene i 2018. Frå og med 2019 må lønsutgiftene leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å utvida stillingsramma ved sørvissenteret med ei 100% stilling frå og med juli 2018. Det vert gitt tilleggsløyving på inntil 300.000 kroner frå disposisjonsfondet til finansiering av lønsutgiftene i 2018. Frå og med 2019 må lønsutgiftene leggjast inn i rådmannen sitt budsjettframlegg.

SAKNR. 024/2018: Vurdering av IKT-driftsform for Samnanger kommune

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen (Sp) bad om å få gildskapen sin vurdert. Han er onkel til den eine av dei to IKT-tilsette i kommunen. Han gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans. 14 medlemmer røysta for at Øyvind Røen er ugild i saka og 6 røysta for at han er gild. Øyvind Røen deltok derfor ikkje i handsaminga av saka.

Ugild	Gild
Gunn Østvik Petersen (A)	Arild Røen (H)
Olaug Øystese (A)	Sture Tveit (H)
Roger G. Urås (A)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Inge Aasgaard (Krf)	Nils Aadland (A)
Gunn Totland Moss (Krf)	Bright Olav Gåsdal (A)
Svein Verner Røseth (Frp)	Jon Magne Bøgevik (Uavhengig)
Gunnar Bruvik (Frp)	
Ingvild R. Bøgevik (Frp)	
Knut Harald Frøland (Bl)	
Lena Tveit (Bl)	
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Monica Tjønnå (Sp)	

Bright Olav Gåsdal (A) foreslo at Monica Tjønnå (Sp) gjekk inn som setje-varaordfører i handsaminga av denne saka. Kommunestyret slutta seg til dette, og Monica Tjønnå gjekk inn som setje-varaordfører.

Monica Tjønnå (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Nils Aadland (A) fram framlegg om å utsetja saka. Etter vidare debatt i møtet trekte Nils Aadland utsetjingsframlegget.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 024/2018 Vedtak:

Samnanger kommune ønskjer å gå inn i det interkommunale samarbeidet IKT Nordhordland (IKTNH).

Under føresetnad av at Samnanger får gå inn i IKTNH, bør arbeidet med å overføra kommunen si IKT-drift til IKTNH starta allereie hausten 2018.

Overføringa av kommunen si IKT-drift til IKTNH skal så langt som mogleg gjennomførast innanfor ei

økonomisk ramme på maksimalt 1,25 millionar kroner. Utgifter til eventuelt skifte av økonomi- og lønssystem i 2019 eller 2020 vil koma i tillegg, og skal så langt som mogleg gjennomførast innanfor ei økonomisk ramme på maksimalt 1,4 millionar kroner.

Det vert løyvd inntil 1,25 millionar kroner til dekking av utgifter i 2018 knytt til overføring av kommunen si IKT-drift til IKTNH. Dette skal finansierast med auka inntekter på konsesjonskraft. Eventuelle utgifter frå og med 2019 må innarbeidast i budsjett/økonomiplan.

Rådmannen har ansvar for å halda kommunestyret orientert om framdrifta i saka.

Det er viktig at kommunen sine IKT-tilsette blir godt ivartekne i prosessen, og at rettane dei har etter lov- og avtaleverket vert følgt opp.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ønskjer å gå inn i det interkommunale samarbeidet IKT Nordhordland (IKTNH).

Under føresetnad av at Samnanger får gå inn i IKTNH, bør arbeidet med å overføra kommunen si IKT-drift til IKTNH starta allereie hausten 2018.

Overføringa av kommunen si IKT-drift til IKTNH skal så langt som mogleg gjennomførast innanfor ei økonomisk ramme på maksimalt 1,25 millionar kroner. Utgifter til eventuelt skifte av økonomi- og lønssystem i 2019 eller 2020 vil koma i tillegg, og skal så langt som mogleg gjennomførast innanfor ei økonomisk ramme på maksimalt 1,4 millionar kroner.

Det vert løyvd inntil 1,25 millionar kroner til dekking av utgifter i 2018 knytt til overføring av kommunen si IKT-drift til IKTNH. Dette skal finansierast med auka inntekter på konsesjonskraft. Eventuelle utgifter frå og med 2019 må innarbeidast i budsjett/økonomiplan.

Rådmannen har ansvar for å halda kommunestyret orientert om framdrifta i saka.

Det er viktig at kommunen sine IKT-tilsette blir godt ivartekne i prosessen, og at rettane dei har etter lov- og avtaleverket vert følgt opp.

SAKNR. 025/2018: Delegeringsreglement for Samnanger kommune

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal (A) sette fram følgjande framlegg til endring i forhold til det tilrådde framlegget til kapittel 11 og 12 i delegeringsreglement:

"Samnanger kommune skal ha eit tilsetjingsutval som skal tilsetje i alle stillingar i kommunen utanom rådmann og ass. rådmann. I desse stillingane skal kommunestyret sjølv stå for tilsetjingane.

Tilsetjingsutvalet er samansett av 3 medlemmer; rådmannen eller den ho/han peikar ut saman med leiar for det arbeidsområdet stillinga høyrer til. I tillegg skal tillitsvald for den fagforeininga som stillinga normalt soknar til, vera med i utvalet. Berre fagforeningar med hovudtillitsvald i Samnanger kan vera med i tilsetjingsutvalet."

Øyvind Strømmen (Mdg) sette fram følgjande framlegg til endring i forhold til det tilrådde framlegget til nytt delegeringsreglement:

"Punktet om mindretalsanke vert teke inn igjen."

Brigt Olav Gåsdaal bad om gruppemøte (i arbeidsgruppa/ad hoc-utvalet). Monica Tjønnna (Sp) bad òg om gruppemøte.

Etter gruppemøta sette Øyvind Røen (Sp) på vegner av medlemmene i arbeidsgruppa/ad hoc-utvalet fram følgjande framlegg til endra vedtakstekst:

"Arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt delegeringsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld frå og med 15.06.2018. Inntil då gjeld siste vedtekne del.reglement.

Hausten 2018 kjem ad hoc-utvalet med eige framlegg om nytt reglement om delegeringar etter plan- og bygningslova. Det same gjeld den delen av delegeringsreglementet som omhandlar tilsetjingar. Fram til nytt reglement er vedteke på desse områda, gjeld det gamle reglementet.

Delegeringsreglementet skal reviderast ved behov."

Brigt Olav Gåsdaal trekte framlegget sitt.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg:

"Kommunestyret fastset budsjett på rådmannsnivå."

Knut Harald Frøland (Bl) trekte framlegget sitt, og sette i staden fram følgjande framlegg:

"Ad hoc-utvalet skal hausten 2018 leggja fram for kommunestyret ei vurdering av om budsjett skal vedtakast på rådmannsnivå (rammebudsjettering)."

I røystinga vart først formannskapet si tilråding sett opp mot framlegget som Øyvind Røen (Sp) sette fram på vegner av medlemmene arbeidsgruppa/ad hoc-utvalet. Framlegget til medlemmene i ad hoc-utvalet vart samrøystes vedteke.

Framlegget til Øyvind Strømmen vart samrøystes vedteke.

Framlegget til Knut Harald Frøland vart samrøystes vedteke.

KS- 025/2018 Vedtak:

Arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt delegeringsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld frå og med 15.06.2018. Inntil då gjeld siste vedtekne del.reglement.

Hausten 2018 kjem ad hoc-utvalet med eige framlegg om nytt reglement om delegeringar etter plan- og bygningslova. Det same gjeld den delen av delegeringsreglementet som omhandlar tilsetjingar. Fram til nytt reglement er vedteke på desse områda, gjeld det gamle reglementet.

Delegeringsreglementet skal reviderast ved behov.

Punktet om mindretalsanke vert teke inn igjen.

Ad hoc-utvalet skal hausten 2018 leggja fram for kommunestyret ei vurdering av om budsjett skal vedtakast på rådmannsnivå (rammebudsjettering).

31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådgjever Jan Erik Boge orienterte om at det mest korrekte i denne saka vil vera at det er arbeidsgruppa, ikkje rådmannen, som skal gje tilråding i saka. Det var semje i formannskapet om at teksten i saka derfor skulle endrast frå "Rådmannen sitt framlegg til vedtak" til "Arbeidsgruppa sitt framlegg til vedtak".

Med denne endringa vart framlegget til vedtak samrøystes vedteke.

FORM- 029/2018 Vedtak:

Arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt delegeringsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld frå og med 15.06.2018.

Det skal hausten 2018 leggjast fram eiga sak om delegeringar etter plan- og bygningslova. Rådmannen får ansvar for å førebu og leggja fram denne saka.

Delegeringsreglementet skal reviderast ved behov.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt delegeringsreglement vert vedteke. Reglementet gjeld frå og med 15.06.2018.

Det skal hausten 2018 leggjast fram eiga sak om delegeringar etter plan- og bygningslova. Rådmannen får ansvar for å førebu og leggja fram denne saka.

Delegeringsreglementet skal reviderast ved behov.

SAKNR. 026/2018: Tannhelsetenesta - søknad om å delta i prøveordning

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KS- 026/2018 Vedtak:

Samnanger kommune søker om å få delta i prøveprosjekt åleine eller saman med kommunar nær oss med tannlege i kommunal regi.

31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 032/2018 Vedtak:

Samnanger kommune søker om å få delta i prøveprosjekt åleine eller saman med kommunar nær oss med tannlege i kommunal regi.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune søker om å få delta i prøveprosjekt åleine eller saman med kommunar nær oss med tannlege i kommunal regi.

SAKNR. 027/2018: Feieavgift fritidsbustad - Samnanger

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KS- 027/2018 Vedtak:

Samnanger kommune innfører med verknad frå 2018 eit gebyr på kr. 449,- inkl. mva pr. år pr. fritidsbustad for feie- og tilsynstenester. Det nye gebyret vert teke inn kommunen sitt avgiftshefte.

31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 033/2018 Vedtak:

Samnanger kommune innfører med verknad frå 2018 eit gebyr på kr. 449,- inkl. mva pr. år pr. fritidsbustad for feie- og tilsynstenester. Det nye gebyret vert teke inn kommunen sitt avgiftshefte.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune innfører med verknad frå 2018 eit gebyr på kr. 449,- inkl. mva pr. år pr. fritidsbustad for feie- og tilsynstenester. Det nye gebyret vert teke inn kommunen sitt avgiftshefte.

SAKNR. 028/2018: Endelig vedtak, kommuneplanen sin arealdel - Børdalen

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Planleggjar Roald Aandahl orienterte kommunestyret om at ordlyden i vedtaket ikkje kan vere likelydande som naturutvalet sitt vedtak i denne saka. Endeleg vedtak av kommuneplanen sin arealdel etter pbl. §11-15 kan berre fattast av kommunestyret. Naturutvalet sitt vedtak vil likevel framleis gjelda, og var heilt nødvendig å gjera i saka.

Roald Aandahl las opp rådmannen sitt framlegg til vedtak i kommunestyret:

"Kommuneplanen sin arealdel for Samnanger 2017-2027 med planskildring, føresegner og plankart revidert 06.06.2017, vert vedteke med heimel i plan- og bygningsloven § 11-15.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 028/2018 Vedtak:

Kommuneplanen sin arealdel for Samnanger 2017-2027 med planskildring, føresegner og plankart revidert 06.06.2017, vert vedteke med heimel i plan- og bygningsloven § 11-15.

29.05.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Sture Tveit (H) bad om ei synfaring i Børdalen i samband med naturutvalet den 21 august.

Framlegget frå Rådmannen vart samrøystes vedteke.

NAT- 006/2018 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel: pbl. §§ 11-8, bokstav e og 11-9 nr. 1 , 3 og 8. vert følgjande endringar innarbeidd i omsynssone H810_30 i kommuneplanen sin arealdel:

- *Det skal utførast rasanalyse for heile planområdet.*
- *Det kan tillatast at det plasserast sikringstiltak som ledevoll i sone H810_30 nord for N07.*
- *Avrenning frå anlegget i anleggsfasen skal dokumenterast og konsekvensutgreiast. Det skal utarbeidast ytre miljøplan i reguleringsarbeidet.*
- *Det kan tillatast å regulere inn ei bru som kryssar elva på inntil 11,5 meter breidde for vegtilkomst. Plassering og utforming skal gjerast slik at konsekvensane for vassdraget vert minst mogleg.*
- *Det kan ikkje tillatast tiltak i vassstrengen som til dømes uttak/ utslepp av vatn til vasskjøling.*

Administrasjonen innarbeider arealbruk, føresegner og planskildring i tråd med appendiks 5. Saken sendast til kommunestyret for endelig vedtak etter pbl. §11-15.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel: pbl. §§ 11-8, bokstav e og 11-9 nr. 1 , 3 og 8. vert følgjande endringar innarbeidd i omsynssone H810_30 i kommuneplanen sin arealdel:

- *Det skal utførast rasanalyse for heile planområdet.*
- *Det kan tillatast at det plasserast sikringstiltak som ledevoll i sone H810_30 nord for N07.*

- *Avrenning frå anlegget i anleggsfasen skal dokumenterast og konsekvensutgreiast. Det skal utarbeidast ytre miljøplan i reguleringsarbeidet.*
- *Det kan tillatast å regulere inn ei bru som kryssar elva på inntil 11,5 meter breidde for vegtilkomst. Plassering og utforming skal gjerast slik at konsekvensane for vassdraget vert minst mogleg.*
- *Det kan ikkje tillatast tiltak i vassstrengen som til dømes uttak/ utslepp av vatn til vasskjøling.*

Administrasjonen innarbeider arealbruk, føresegner og planskildring i tråd med appendiks 5. Saken sendast til kommunestyret for endelig vedtak etter pbl. §11-15.

SAKNR. 029/2018: Godkjenning av byggjerekneskap for VVA-prosjektet på Bjørkheim

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 029/2018 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for VVA på Bjørkheim.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for VVA på Bjørkheim.

SAKNR. 030/2018: Val av medlemmer til styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande debatten bad Øyvind Strømmen (Mdg) om pause/gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Olaug Øystese (A) fram følgjande framlegg til vedtak:

"Følgjande to politikarar blir valde til styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger med verknad frå 15.06.2018:

- *Øyvind Strømmen (Mdg) - leiar*
- *Olaug Øystese (A)*

Valet gjeld ut inneverande kommunestyreperiode.

Dei politisk valde medlemmene har det overordna ansvaret for å driva Fairtrade-arbeidet i Samnanger framover. Administrasjonen i kommunen bidreg med administrativ hjelp til styringsgruppa.

Styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger bør ha minst 5 medlemmer. I tillegg til dei to politisk valde medlemmene, bør òg ungdomsrådet, kyrkja og næringslivet oppmodast om å peika ut medlemmer til styringsgruppa. Privatpersonar bør òg ha høve til å vera med i styringsgruppa. Leiaren i styringsgruppa har mynde til å ta opp nye medlemmer i styringsgruppa.

Dei politisk valde representantane får utbetalt møtegodtgjersle etter same sats som for møte i folkevalde organ. Representantar frå ungdomsrådet får utbetalt møtegodtgjersle etter same sats som for møte i ungdomsrådet."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 030/2018 Vedtak:

Følgjande to politikarar blir valde til styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger med verknad frå 15.06.2018:

- Øyvind Strømme (Mdg) - leiar
- Olaug Øystese (A)

Valet gjeld ut inneverande kommunestyreperiode.

Dei politisk valde medlemmene har det overordna ansvaret for å driva Fairtrade-arbeidet i Samnanger framover. Administrasjonen i kommunen bidreg med administrativ hjelp til styringsgruppa.

Styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger bør ha minst 5 medlemmer. I tillegg til dei to politisk valde medlemmene, bør òg ungdomsrådet, kyrkja og næringslivet oppmodast om å peika ut medlemmer til styringsgruppa. Privatpersonar bør òg ha høve til å vera med i styringsgruppa. Leiaren i styringsgruppa har mynde til å ta opp nye medlemmer i styringsgruppa.

Dei politisk valde representantane får utbetalt møtegodtgjersle etter same sats som for møte i folkevalde organ. Representantar frå ungdomsrådet får utbetalt møtegodtgjersle etter same sats som for møte i ungdomsrådet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

SAKNR. 031/2018: Samnanger kommune sin uttale til forslag til planprogram - Fellesprosjektet E16 og Vossebanen

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) gjorde merksam på at det er ein feil i rådmannen sitt framlegg til

vedtak. I punkt 5 skal det stå "1.000.000m³ anbrakte massar", ikkje "1.000.000m² anbrakte massar".

Ordførar Knut Harald Frøland sette fram følgjande framlegg til vedtak:

"Samnanger kommune roser ei prioritert og rask utbygging av ny veg og togbane mellom Arna og Voss. Samnanger kommune roser og den regionale effekt prosjektet spesielt vil gje for kommunane Vaksdal og Voss.

Samnanger kommune meiner at viktigheten av å bygge ny veg og bane mellom Arna og Voss forsvarer ei løysing kor ein ikkje gjennomfører kommuneplan, men går direkte frå KVV til statleg reguleringsplan. Samnanger kommune meiner samstundes at dette ikkje må redusere moglegheit for at ressursbruk kan gje størst mogleg regional effekt.

I lys av eit prioritert nasjonalt ønske om nullvekst i bilbruk stiller Samnanger kommune spørsmålsteikn til om dei regionale konsekvensane er tilstrekkeleg utgreidde. Samnanger kommune meiner at mindre vesentlege endringar av «K5-korridorløysing» vil kunne gje betydeleg reduksjon av bilbruk inn mot Arna/ Bergen og samtidig gje stor auke i bruk av kollektivtransport. Dette gjeldt for dei mange reisande frå kommunane Samnanger, Kvam, Fusa og bygda Trengreid.

Samnanger kommune ber om at følgjande blir vurdert i planprogrammet:

- *Ny togstasjon på Trengreid med hensiktsmessig løysing for overgang buss – tog og med tilstrekkeleg plass for innfartsparkering.*
- *God løysing av eventuell framtidig tunell frå ny E16 mot Samnanger og Kvam.*
- *At prosjektet blir sett i lys av kommande kommunedelplan for sikring av Tokagjelet, kor eit av alternativa er tunell under Kvamskogen og Eikedalen.*
- *At prosjektet blir sett i lys av stamveg aust-vest, E-134.*
- *At Hisdal i Samnanger blir vurdert som alternativ til Trengreid som trafikknutepunkt.*
- *At prosjektet vurderer regionale effektar for responstider til utrykkingskjøretøy.*
- *Bruk av steinmasser i Samnanger kommune på 1 million m³ eller meir.*

Samnanger kommune ber om å få vere representert i styringsgruppe for vidare prosess."

Arild Røen (H) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Arild Røen fram følgjande framlegg til vedtak:

"Samnanger kommune roser ei prioritert og rask utbygging av ny veg og togbane mellom Arna og Voss. Samnanger kommune roser og den regionale effekt prosjektet spesielt vil gje for kommunane Vaksdal og Voss.

Samnanger kommune meiner at viktigheten av å bygge ny veg og bane mellom Arna og Voss forsvarer ei løysing kor ein ikkje gjennomfører kommuneplan, men går direkte frå KVV til statleg reguleringsplan. Samnanger kommune meiner samstundes at dette ikkje må redusere moglegheit for at ressursbruk kan gje størst mogleg regional effekt.

I lys av eit prioritert nasjonalt ønske om nullvekst i bilbruk stiller Samnanger kommune spørsmålsteikn til om dei regionale konsekvensane er tilstrekkeleg utgreidde. Samnanger kommune meiner at mindre vesentlege endringar av «K5-korridorløysing» vil kunne gje betydeleg reduksjon av bilbruk inn mot Arna/ Bergen og samtidig gje stor auke i bruk av kollektivtransport. Dette gjeldt for dei mange reisande frå kommunane Samnanger, Kvam, Fusa og bygda Trengreid.

Samnanger kommune ber om at følgjande blir vurdert i planprogrammet:

- *Ny togstasjon på Trengreid med hensiktsmessig løysing for overgang buss – tog og med tilstrekkeleg plass for innfartsparkering.*
- *Auka innfartsparkering i Arna må vurderast på nytt*
- *Det må gjerast tiltak for å gjera Fv7 som avlastningsvei i anleggsperiode E16."*

Ordfører Knut Harald Frøland bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette ordfører Knut Harald Frøland fram følgjande reviderte framlegg til vedtak: *"Samnanger kommune roser ei prioritert og rask utbygging av ny veg og togbane mellom Arna og Voss. Samnanger kommune roser og den regionale effekt prosjektet spesielt vil gje for kommunane Vaksdal og Voss.*

Samnanger kommune meiner at viktigheten av å bygge ny veg og bane mellom Arna og Voss forsvarer ei løysing kor ein ikkje gjennomfører kommuneplan, men går direkte frå KVU til statleg reguleringsplan. Samnanger kommune meiner samstundes at dette ikkje må redusere moglegheit for at ressursbruk kan gje størst mogeleg regional effekt.

I lys av eit prioritert nasjonalt ønske om nullvekst i bilbruk stiller Samnanger kommune spørsmålsteikn til om dei regionale konsekvensane er tilstrekkeleg utgreidde. Samnanger kommune meiner at mindre vesentlege endringar av «K5-korridorløysing» vil kunne gje betydeleg reduksjon av bilbruk inn mot Arna/ Bergen og samtidig gje stor auke i bruk av kollektivtransport. Dette gjeldt for dei mange reisande frå kommunane Samnanger, Kvam, Fusa og bygda Trengreid.

Samnanger kommune ber om at følgjande blir vurdert i planprogrammet:

- *Ny togstasjon på Trengreid med hensiktsmessig løysing for overgang buss – tog og med tilstrekkeleg plass for innfartsparkering.*
- *God løysing av eventuell framtidig tunell frå ny E16 mot Samnanger og Kvam.*
- *At prosjektet blir sett i lys av kommande kommunedelplan for sikring av Tokagjelet, kor eit av alternativa er tunell under Kvamskogen og Eikedalen.*
- *At prosjektet blir sett i lys av stamveg aust-vest, E-134.*
- *At Hisdal i Samnanger blir vurdert som alternativ til Trengreid som trafikknutepunkt.*
- *At prosjektet vurderer regionale effektar for responstider til utrykkingskjøretøy.*
- *Bruk av steinmasser i Samnanger kommune på 1 million m³ eller meir.*
- *Det må gjerast varige tiltak på FV 7 som vil fungera som avlastingsveg i anleggsperioden.*
- *Uavhengig av framtidig planløysing, må det verta ein monaleg auke i parkeringsplassar i Arna.*

Samnanger kommune ber om å få vere representert i styringsgruppe for vidare prosess."

Prøverøysting:

Det vart først gjennomført prøverøysting, der framlegga til ordfører Knut Harald Frøland og Arild Røen vart sett opp mot kvarandre. Dei tre første avsnitta og første setning i fjerde avsnitt i desse to framlegga er identiske og vart samrøystes vedteke. Det vart så røysta punktvis over kvart punkt i det fjerde avsnittet i framlegget til ordfører Knut Harald Frøland. Ordlyden i to av dei tre punkta i fjerde avsnitt i framlegget til Arild Røen er ikkje heilt identisk med tilsvarande punkt i ordfører Knut Harald Frøland sitt framlegg, men innhaldet er så likt at det berre vart røysta over punkta i ordfører Knut Harald Frøland sitt framlegg.

- *Punkt 1: Ny togstasjon på Trengreid med hensiktsmessig løysing for overgang buss – tog og med tilstrekkeleg plass for innfartsparkering. Dette punktet vart samrøystes vedteke.*
- *Punkt 2: God løysing av eventuell framtidig tunell frå ny E16 mot Samnanger og Kvam. Dette punktet vart samrøystes vedteke.*
- *Punkt 3: At prosjektet blir sett i lys av kommande kommunedelplan for sikring av Tokagjelet, kor eit av alternativa er tunell under Kvamskogen og Eikedalen. 10 røysta for og 10 røysta imot dette punktet. På grunn av at ordføraren røysta for, vart punktet vedteke.*
- *Punkt 4: At prosjektet blir sett i lys av stamveg aust-vest, E-134. 10 røysta for og 10 røysta imot dette punktet. På grunn av at ordføraren røysta for, vart punktet vedteke.*
- *Punkt 5: At Hisdal i Samnanger blir vurdert som alternativ til Trengreid som trafikknutepunkt. 10 røysta for og 10 røysta imot dette punktet. På grunn av at ordføraren røysta for, vart punktet vedteke.*
- *Punkt 6: At prosjektet vurderer regionale effektar for responstider til utrykkingskjøretøy. 18 røysta for og 2 røysta imot dette punktet.*

- Punkt 7: *Bruk av steinmasser i Samnanger kommune på 1 million m3 eller meir. Samrøystes vedteke.*
- Punkt 8: *Det må gjerast varige tiltak på FV 7 som vil fungera som avlastingsveg i anleggsperioden. Samrøystes vedteke.*
- Punkt 9: *Uavhengig av framtidig planløyising, må det verta ein monaleg auke i parkeringsplassar i Arna. Samrøystes vedteke.*

Det vart til slutt i prøverøystinga røysta over det siste avsnittet i ordførar Knut Harald Frøland sitt framlegg: *Samnanger kommune ber om å få vere representert i styringsgruppe for vidare prosess.* Samrøystes vedteke.

Endeleg røysting:

I den endelege røystinga vart det først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Dette framlegget fekk ingen røyster.

Det vart så gjennomført blokkvis røysting der framlegget til ordførar Knut Harald Frøland vart sett opp mot framlegget til Arild Røen. Ordlyden i to av dei tre punkta i fjerde avsnitt i framlegget til Arild Røen er ikkje heilt identisk med tilsvarande punkt i ordførar Knut Harald Frøland sitt framlegg, men innhaldet er så likt at det berre vart røysta over punkta i ordførar Knut Harald Frøland sitt framlegg. Det vart først røysta over dei tre første avsnitta og første setning i fjerde avsnitt i framlegga, punkt 1, 2, 7, 8, 9 i fjerde avsnitt i ordførar Knut Harald Frøland sitt framlegg, samt siste avsnitt i ordførar Knut Harald Frøland sitt framlegg. Samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over kulepunkt 3, 4 og 5 i fjerde avsnitt i ordførar Knut Harald Frøland sitt framlegg. 10 røysta for og 10 imot desse punkta. På grunn av at ordføraren røysta for, vart desse punkta vedtekne.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)
Lena Tveit (Bl)	Sture Tveit (H)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Martin Haugen (Bl)	Nils Aadland (A)
Solveig Vassenden (Bl)	Bright Olav Gåsdal (A)
Svein Verner Røseth (Frp)	Gunn Østvik Petersen (A)
Gunnar Bruvik (Frp)	Olaug Øystese (A)
Ingvild R. Bogevik (Frp)	Roger G. Urås (A)
Øyvind Røen (Sp)	Inge Aasgaard (Krf)
Monica Tjønnå (Sp)	Gunn Totland Moss (Krf)

Det vart til slutt røysta over punkt 6 i fjerde avsnitt i ordførar Knut Harald Frøland sitt framlegg. Samrøystes vedteke.

KS- 031/2018 Vedtak:

Samnanger kommune roser ei prioritert og rask utbygging av ny veg og togbane mellom Arna og Voss. Samnanger kommune roser og den regionale effekt prosjektet spesielt vil gje for kommunane Vaksdal og Voss.

Samnanger kommune meiner at viktigheten av å bygge ny veg og bane mellom Arna og Voss forsvarer ei løyising kor ein ikkje gjennomfører kommuneplan, men går direkte frå KVV til statleg reguleringsplan. Samnanger kommune meiner samstundes at dette ikkje må redusere moglegheit for at ressursbruk kan gje størst mogeleg regional effekt.

I lys av eit prioritert nasjonalt ønske om nullvekst i bilbruk stiller Samnanger kommune spørsmålsteikn til om dei regionale konsekvensane er tilstrekkeleg utgreidde. Samnanger kommune meiner at mindre vesentlege endringar av «K5-korridorløyising» vil kunne gje betydeleg reduksjon av

bilbruk inn mot Arna/ Bergen og samtidig gje stor auke i bruk av kollektivtransport. Dette gjeldt for dei mange reisande frå kommunane Samnanger, Kvam, Fusa og bygda Trengreid.

Samnanger kommune ber om at følgjande blir vurdert i planprogrammet:

- Ny togstasjon på Trengreid med hensiktsmessig løysing for overgang buss – tog og med tilstrekkeleg plass for innfartsparkering.
- God løysing av eventuell framtidig tunell frå ny E16 mot Samnanger og Kvam.
- At prosjektet blir sett i lys av kommande kommunedelplan for sikring av Tokagjelet, kor eit av alternativa er tunell under Kvamskogen og Eikedalen.
- At prosjektet blir sett i lys av stamveg aust-vest, E-134.
- At Hisdal i Samnanger blir vurdert som alternativ til Trengreid som trafikkknutepunkt.
- At prosjektet vurderer regionale effektar for responstider til utrykkingskjøretøy.
- Bruk av steinmasser i Samnanger kommune på 1 million m³ eller meir.
- Det må gjerast varige tiltak på FV 7 som vil fungera som avlastingsveg i anleggsperioden.
- Uavhengig av framtidig planløysing, må det verta ein monaleg auke i parkeringsplassar i Arna.

Samnanger kommune ber om å få vere representert i styringsgruppe for vidare prosess.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ber om at følgjande problemstillingar vert betre utgreidd i planprogrammet:

1. Krysset (VB1) må ha tilstrekkelig kapasitet til å også kunne ta ein trafikkauke frå E134 om Hordalandsdiagonalen vert realisert. Det må vere plass i kryssområdet til å kunne kople på ein framtidig arm mot E134. Det er viktig at etablering av nytt kryss VB1 ikkje ekskluderer moglegheita for ein framtidig arm.
2. Gaffel i tunnel kan vere ein god løysing for eventuell framtidig arm mot E134 om det ikkje er plass, eller kapasitet til å tene trafikkauken i VB1. Linjeføringa for både tog- og biltunnel må vere slik at ikkje denne moglegheita vert ekskludert.
3. Det må leggjast til rette betre for omstiging frå privatbil til buss/bane. Om ikkje dette lar seg løyse bør andre alternativ vurderast som kollektivknutepunkt i Hisdalen, eller ved Trengereid stasjon.
4. Utviding av innfartsparkering i Arna bør vurderast på nytt.
5. Samnanger kommune ønskjer å ta imot inntil 1.000.000m² anbrakte massar.

SAKNR. 1: Interpellasjon

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Gunn Totland Moss (Krf) las opp interpellasjonen om tru og livsyn i helse- og omsorgssektoren. Sektorleiar Grete Lill Hjartnes las opp administrasjonen sitt svar. Svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen. Det vart ikkje gjort vedtak knytt til denne interpellasjonen.